

Korleis skal vi førebu oss? Kva skal vi gjere i leseveka?

Det er heilt opp til læraren og klassen korleis ein vil nytte avisene og korleis ein vil førebu seg til Vis med avis. Det viktigaste er at elevane får høve til å lese avisa og ha det kjekt med det. Her er nokre tips som syner at alle kan delta. Lukke til!

Ikkje gjere noko spesielt.

”Vanleg skule”, men kvar elev får lokalavisa utdelt og må sjølv ta ansvar, t.d. heime, for å lesa i den og førebu seg til kunnskapstesten.

Få elevane til å foreslå korleis dei vil førebu seg.

Ta utgangspunkt i deira forslag, og gjer avtalar for veka.

Lese avisa heime

(lekse). Elevane fortel og samtalar på skulen om kva dei har lese.

Gje elevane spesielle leseoppgåver / leseområde

på skulen eller heime: Nyheiter / sport / kultur / lysingar o.s.b. Avtal informasjonstid i klassen der dei fortel om kva dei har lese.

Lage veggavis

Del inn i ulike stoffområde. Elevane klipper frå lokalavisa, og vurderer sjølve kva saker dei vil ha med. Lim berre opp titlane og ev. bilete til sakene. (Resten av teksten kan elevane lese i avisa). Dette gir godt utgangspunkt for samtalar om stoffet og god aviskunnskap.

Å forstå kva saka

dreier seg om er ikkje alltid like lett. Samtale/fortelje er ein metode for å forstå betre. - I klassen eller t.d. to og to. Nyttige hjelpeord når ein skal fortelje om ei sak er:



KVA har skjedd?

KVEN...?

KOR ...?

KVA TID ...?

KORLEIS ...?

KVIFOR ...?

Følg ei spesiell sak

Vel ut ei sak og undersøk meir om den.

Det ligg ofte mykje ”bak”.

Kanskje elevane kan finne ut noko som avisa ikkje nemner?

Med slik røynsle les dei kanskje nyheiter med meir merksemd seinare.

Lage radio. Elevane lagar radioprogram av stoffet i lokalavisa. T.d. nyheitssending, kulturmagasin, reklamesnutt, sportsrapport ... Elevane kan arbeide i små grupper. Bruk rollespill t.d. til intervju, dramatisering (journalist ute i felten)

Klipp ut bilete av personar i avisa.

Heng bileta på veggen. Samtal / fortel om kvifor dei er avbilda i avisa, o.s.b.

Saker er ofte lettare å hugse når ein knytar dei til personar.

Lær nokre fakta om lokalavisa:

Til dømes: I kor stort opplag vert den trykt?

Kor mange dagar i veka kjem den ut?

Kva kommunar dekker avisa?

Kva heiter redaktøren?

Navn på spesielle sider eller fast stoff? ...